



Johan Litleskare
Skarsvegen 686
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3897 - 15/29604

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
16.09.2015

Utbetring av kommunale veg til Skarsvåg - grunnavståing og etablering av 30 sone

Vi viser til tidlegare korrespondanse og møte/synfaring den 01.06.2015 der Johan Litleskare, Bjørn Ove Litleskare, Trond Moberg deltok på vegne av grunneigarane og Kjetil Eikefet og Rune Kilen frå kommunen.

Det var semje om dei tiltaka som Trond Moberg i samråd med grunneigarane hadde vorte samde om; mellom anna utbetring av krysset mot fylkesvegen (steinfylling med 1 m gråsteinsmur på topp) , etablering av møteplass ved Kvamme og Kristoffer Litleskare og utviding av svingar ved Johan Litleskare.

Lindås kommune har 11.8.2015 godteke tilbodet frå Moberg a/s på kryssutbetringa. Kostnadane med dei resterande tiltaka inkl asfaltering vert dekkja av Moberg a/s

Etablering av 30 sone

Det er gjort vedtak om 30-sone på den kommunale veggen (kopi ligg ved), 30-sone skilta er kjøpt inn og klar for montering. Vi tilrår at skilta vert satt opp i samband med det andre arbeidet som er planlagt.

Grunnavståing

Vi har frå Trond Moberg motteke følgjande oversikt over areal for grunnavståing til veg:

148/8	Johan Litleskare	70 m ²
148/3	Kristoffer Litleskare	70 m ²
148/2	Svein Jan Kvamme	35 m ²
148/7	Bjørn Ove Litleskare	20 m ²

Ut i frå satsar som vegvesenet brukar for oppgjer i samband med fulldyrka mark vil kommunen tilby **kr 25.- pr m²**. Det vert laga avtalar med dei einskilde grunneigarar.

Med helsing

Arne Eikefet

Rune Kilen



einingsleiar

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Trond Moberg

Alverneset 24

5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Johan Litleskare	Skarsvegen 686	5911	ALVERSUND
Kristoffer Litleskare	Skarsvegen 679	5911	ALVERSUND
Svein Jan Kvamme	Skarsvegen 678	5911	ALVERSUND
Bjørn Ove Litleskare	Skarsvegen 654	5911	ALVERSUND